

PLAN FOR ATOMBEREDSKAP

Tysnes kommune



2. MARS 2022

Innhald

Om planen	2
1. Føremål med planen	2
2. Trusselvurdering og dimensjonering.....	2
2.1 Kjelder til ulukker – scenarier	2
2.2. Konsekvensar etter eit nedfall i Noreg.....	2
3. Ansvar og organisering av atomberedskapen	3
3.1. Kriseutvalet for atomberedskap	4
3.2. Statsforvaltaren.....	4
3.3. Kommunen si rolle ved tiltak sett i verk av Kriseutvalet	4
3.3.1 Kommunal Kriseleiing	5
5. Tiltak.....	5
5.1. Sikring av område som er forureina.....	5
5.2. Påleggja akutt evakuering av lokalsamfunn der det er direkte trussel	5
mot liv og helsa lokalt	5
5.3. Påleggja tiltak/restriksjonar i produksjon av næringsmiddel	5
5.4. Påleggja/gje råd om reinsing av forureina personar.....	5
5.5. Gje råd om å opphalda seg innandørs.....	6
5.6. Gje råd om å opphalda seg i tilfluktsrom.....	6
5.7. Gje råd om bruk av jod-tablettar.	6
5.8. Gje råd om kosthald	6
5.9. Gje råd om andre tiltak som kan verka til å redusera dosar.....	7
6. Beredskapsnivå, varsling og rapportering.....	7
6.1. Beredskapsnivå	7
6.2. Varsling	7
6.3. Rapportering	7
7- Øving og kompetansetiltak	7

Om planen

Planen er heimla i Sivilbeskyttelsesloven §§ 14 og 15 om beredskap innafor den kommunale tenesteproduksjonen.

Kommunen si rolle ved atomhending vil vera:

1. Oppretthalda eigen tenesteproduksjon
2. Bistå andre myndigheiter med ansvar for gjennomføring av tiltak.
3. Generell ivaretaking av innbyggjarane sin tryggleik.
4. Lokalt tilpassa informasjon, under dette også varsling.

Planen byggjer på retningslinene i *Plangrunnlaget for den kommunale atomberedskap*, utgjeve av Statens strålevern 2017.

Plan for atomberedskap er ein integrert del av kommunen sin totale kriseberedskap.

Planen er ei ajourføring av plan vedteken av kommunestyre i 2009, planen vert lagt fram for kommunestyre si godkjenning i løpet av våren 2022.

1. Føremål med planen

Føremålet med planen er at Tysnes kommune skal kunna handtera hendingar der radioaktivt stoff er involvert. I verste fall ei krise i høve til atomulukker.

Planen skal gje retningsliner om korleis truslar og hendingar skal verta handterte i Tysnes kommune, det vert teke utgangspunkt i dei 9 tiltaka som det nasjonale Kriseutvalet for atomberedskap har vedteke.

2. Trusselvurdering og dimensjonering

2.1 Kjelder til ulukker – scenarier

Nasjonale myndigheiter tar utgangspunkt i 6 dimensjonerande scenarier i planlegging av atomberedskap:

1. Stort luftbore utslepp frå utlandet
2. Stort luftbore utslepp frå fast verksemd i Noreg.
3. Lokal hending i Noreg, eller i norske nærrområde utan stadleg tilknytning
4. Lokal hending som utviklar seg over tid.
5. Stort utslepp til marint miljø eller rykte om vesentleg marin eller terrestrisk forureining.
6. Alvorleg hending i utlandet utan direkte konsekvens for norsk territorium.

Atomhendingar kan vera både tilsikta og utilsikta som kan føra til større og mindre situasjonar.

2.2. Konsekvensar etter eit nedfall i Noreg

Potensielle konsekvensar av ei atomhending kan vera store. I plangrunnlag for kommunal atomberedskap vert det peika på nokre moglege konsekvensar:

Næringsliv og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> - Forureining av eigedom og landområde - Forureining av matvarer og drikkevatt - Tap av omdømme, turisme og eksport
Miljømessige konsekvensar	<ul style="list-style-type: none"> - Forureining av bustadområde - Forureining av miljø - Handtering av radioaktive utslepp - Handtering av radioaktivt avfall
Helsemessige konsekvensar	<ul style="list-style-type: none"> - Moglege akutte stråleskader - Moglege skader på ufødt liv - Seinskadar knytt til kreft eller andre sjukdomar. - Psykologiske verknader.
Samfunnsmessige konsekvensar	<ul style="list-style-type: none"> - Samfunnsmessig uro og utryggleik - Behov for mellombels evakuering eller permanent flytting.

Einskilde grupper er særskilt utsette slik som barn, gravide og ammande, i tillegg til einsskilde næringar.


2.1. Opplysningar om radon i Tysnes kommune

Det er ikkje gjennomført full kartlegging av Radon i Tysnes kommune. Ut frå kart over berggrunn er det grunn til å vera merksam på radon i område der ein finn alunskifer, uranrike granittar, i lausmassar og på morenegrunn.

3. Ansvar og organisering av atomberedskapen

Organisering av atomberedskap i Noreg er bygd kring Kriseutvalet for atomberedskap. Kriseutvalet er set saman av representantar for sentrale myndigheiter med eit særskilt ansvar for å handtera atomhendingar.

Figuren under viser organiseringa av atomberedskapen.



3.1. Kriseutvalet for atomberedskap

Kriseutvalet for atomberedskap er sett saman med representasjon av følgjande sentrale myndigheiter: Statens strålevern, Direktorat for samfunnstryggleik og beredskap, Forsvarsdepartementet, Helsedirektoratet og mattilsynet. Statens strålevern leiar Kriseutvalet og er også sekretariat for utvalet.

Kriseutvalet vil gje instruksar knytt til handsaming avulukke/hending.

I ein akuttfase har Kriseutvalet 5 overordna oppgåver:

- Utarbeide tidleg og påfølgjande skildring av situasjonen
- Utarbeide og innhente prognosar for utvikling av situasjonen, strålefare og risiko.
- Vurdere og eventuelt gjera vedtak om iverksetjing av konsekvensreducerande tiltak.
- Utarbeida informasjon om hendinga, konsekvensar og tiltak.
- Sikra ivaretaking av hendinga fram til overføring til alminnelege fagmyndigheiter.

3.2. Statsforvaltaren

Statsforvaltaren er Kriseutvalet sitt regionale ledd ved ei atomhending. Ved ei hending skal Statsforvaltaren koordinera og setja i verk samordna lokale og regionale tiltak. Fylkesmannen leiar det regionale atomberedskapsutvalet (ABU).

Ved atomhendingar som utgjer fare for liv og helsa har Hovudredningsentralen (HRS) og Lokal redningsentral (LRS) ansvar for eventuell redningsaksjon

3.3. Kommunen si rolle ved tiltak sett i verk av Kriseutvalet

Kommunen si viktigaste oppgåve er å ta seg av eigne innbyggjarar og arbeida for ei rask

normalisering av situasjonen

Kommunen skal etablere kommunal kriseleiing og syta for

- å gjennomføre vedtekne tiltak lokalt
- å sikre naudsynt samordning av ulike fagetatar sine lokale tiltak, t.d. landbruk, helse, mattilsyn, miljø, fiskeri m.v.
- å formidla og eventuelt tilpassa informasjon frå Kriseutvalet til eigne innbyggjarar
- å rapportera all relevant informasjon til Statsforvaltaren sin krisestab
- å hjelpe politiet i arbeid med evakuering, sikring eller andre behov.

Kommunal kriseleiing er nærare skildra i Plan for kommunal kriseleiing.

3.3.1 Kommunal Kriseleiing

Ved ei atomhending skal alltid ordførar og rådmann vaslast.

Kommunal Kriseleiing (KKL) vert oppretta i ei slik hending.

5. Tiltak

Kriseutvalet ved atomulukker har ansvar for å fastsetje tiltak ved atomhendingar, tiltaka vert formidla til kommunane gjennom Statsforvaltar.

Kommunen si oppgåve er å vidareformidla informasjon om tiltaka, rapportere om gjennomføring av tiltaka og bidra til gjennomføring av tiltaka.

5.1. Sikring av område som er forureina

Kommunen skal hjelpe politiet i arbeidet med å sikre ureina området. Aktuelle oppgåver kan vera knytt til avgrensingar av tilgang, restriksjonar i trafikk med meir.

5.2. Påleggja akutt evakuering av lokalsamfunn der det er direkte trussel mot liv og helsa lokalt

Kommunen skal hjelpe politiet med gjennomføring av tiltaket. Aktuelle oppgåver kan vera knytt til evakuering, transport, kunngjering, informasjon med meir.

Evakuering skjer i samsvar med plan for evakuering i plan for kommunal kriseleiing.

5.3. Påleggja tiltak/restriksjonar i produksjon av næringsmiddel

Kommunen skal hjelpe mattilsynet sitt distriktskontor med gjennomføring av tiltaket. Aktuelle oppgåver kan vera knytt til formidling og lokal tilpassing av informasjon til produsentar, distributørar og sluttbrukarar med meir.

Jordbrukssjefen har oversyn over produsentar og distributørar i Tysnes kommune. Tiltaket er heimla i matlova.

5.4. Påleggja/gje råd om reinsing av forureina personar

Kommunen skal hjelpe sivilforsvar eller forsvar med gjennomføring av reinsing av personar eller grupper i kommunen. Aktuelle oppgåver kan vera knytt til å stilla dusjanlegg til disposisjon, handtering og deponering av ureina materiale, transport, innkvartering med meir.

Offentlege bad/dusjanlegg i Tysnes kommune:

Tysneshallen
Tysnes skule
Uggdal skule
Onarheim skule
Reksteren idrettsbygg
Onarheim skule

5.5. Gje råd om å opphalda seg innandørs

Kommunen må førebu seg på å kunna stilla ressursar til rådvelde for gjennomføring av tiltaket.

Aktuelle oppgåver kan vera knytt til informasjon, vurdering av drift av kommunalt tenestetilbod og tiltak for sikra at lokalsamfunnet fungerer i forureiningssituasjonen.

Kommunen må ha planer for å oppretthalde drift av eigne institusjonar og tenester i samband med innandørs opphald. Dette gjeld mellom anna drift utover alminneleg arbeidstid. Det må om naudsynt sikrast at eige personell som må opphalde seg utomhus skal ha tilgang til eigna verneutstyr. Verneutstyr som vert å nytta er frå Tysnes brann og redning.

5.6. Gje råd om å opphalda seg i tilfluktsrom

Dette tiltaket vil kunna setjast i verk i samband med tryggleikspolitisk krise eller krig. Aktuelle oppgåver kan vera knytt til klargjering og drift av tilfluktsrom med meir. Kommunen skal hjelpa forsvar, sivilforsvar og politi.

Oversyn over offentlege og private tilfluktsrom i Tysnes kommune:

Rådhuset
Tysnes sjukeheim
Tysnes skule
Uggdal skule

5.7. Gje råd om bruk av jod-tablettar.

Jod kan førebyggja helseskade ved eksponering av radioaktive jod-isotopar i tilfelle atomulukker med utslepp av radioaktive isotopar til atmosfæren. Målgruppa er born og unge opp til 18 år samt gravide og kvinner som ammar.

Tysnes kommune har klart lager av jod tablettar ved Tysnes legekantor, ved ei hending skjer utdeling av jod tablettar herifrå.

Jod tablettar er også tilgjengeleg på apotek og det vert tilrådd at den einskilde skaffar og oppbevarer jodtablettar til eige bruk.

5.8. Gje råd om kosthald

Det kan vera aktuelt å gje råd om å avstå frå konsum av visse kontaminerte næringsmiddel. Kommunen må kunne hjelpa mattilsynet sitt distriktskontor i gjennomføring av tiltaket. Aktuell oppgåver kan vera knytt til kunngjering, informasjon til produsentar og distributørar, kontroll og rapportering.

5.9. Gje råd om andre tiltak som kan verka til å redusera dosar.

Kommunen må førebu seg på å kunna stilla ressursar til rådvelde for gjennomføring av tiltaket. Dette kan vera ei rekkje ulike oppgåver som er turvande for å sikra liv, helse og økonomiske verdiar.

6. Beredskapsnivå, varsling og rapportering

6.1. Beredskapsnivå

Atomberedskap sentralt, regionalt og lokalt har følgjande to trinn:

- Informasjonsberedskap
- Vert nytta ved ulukke/hending, eller ved rykte om ulukke/hending, som er av ein slik karakter at det er turvande at atomberedskap utanfor sekretariatet vert informert.
- Høgna atomberedskap
- Vert nytta ved større ulukke/hending med fare for radioaktivt utslepp som kan få alvorlege konsekvensar for Noreg eller norske interesser. Beredskapsnivået kan verta etablert som følgje av naturleg styrking av informasjonsberedskapen, eller direkte som følgje av varsel eller motteken informasjon.

6.2. Varsling

Varsling av atomulukke/hending til kommunen vert vurdert i det einskilde tilfelle. Normalt vil varsel koma frå Statsforvaltaren, men varsel kan også koma frå politiet.

6.3. Rapportering

Kommunen skal rapportera til Statsforvaltaren.

7- Øving og kompetansetiltak

Kommunen vurderer følgjande moment i gjennomføring av øvingar og anna kompetanseutvikling av atomberedskap:

REFERANSER OG AKTUELT LOVVERK

Lov 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret. (Sivilbeskyttelsesloven)

Kommunal atomberedskap – plangrunnlag, Statens strålevern 2017

Lokale planar:

Plan for kommunal kriseleing

Plan for helse og sosialberedskap

Heilskapleg ROS analyse

Plan for livskriser